

Partnerskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland

Tilskotsmidlar 2011



 **HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Besøksadresse:
Agnes Mowinchelsgt. 5
12. etg.

Ekspedisjon:
Tlf. 55 23 92 82
Fax: 55 23 90 01
Epost: postmottak.RA@post.hfk.no

www.hordaland.no

 **HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Til kommunane i Hordaland

Fylkeskommunen ser på kommuneplanlegging og tettstadutvikling som ein føresetnad for ei tenleg regional utvikling. Skal vi lukkast med å nå måla i fylkesplanen, er samarbeid mellom regionalt nivå og kommunane viktig. Fylkestinget i Hordaland har difor løyvd kr 600 000 til partnerskap for kommune- og tettstadplanlegging i 2011.


Midlane kan nyttast til oppgåver der både kommunane og regionalt nivå er involvert i kommunal planlegging. Det er særleg relevant med tettstadanalysar, utgreiingar og idéstudiar i samband med kommunal planlegging på kommune- og kommunedelplannivå og prosessar i tilknytning til slikt arbeid. Prosjekt som er utviklingsretta og som står opp under prioriteringar i fylkesplanen er særleg velkomne.

Midlane vil bli fordelt frå Regionalavdelinga etterkvart som søknader kjem inn. Vi tek sikte på løyvingar i storleiksorden kr 50 000 – 150 000 og føreset normalt kommunal og eventuelt anna finansiering i minst tilsvarande storleik. God framdrift og politisk forankring lokalt er punkt vi vil leggja vekt på.

Det er eige søknadsskjema for midlane. Søknadsskjema og andre vilkår for tilsegn går fram av omtale på fylgjande nettadresse. www.hordaland.no/kommunedora/tilskot

Fylkeskommunen ser fram til samarbeid om planlegging for realisering av felles mål for Hordaland!

Venleg helsing



Torill Selsvold Nyborg
Fylkesordførar i Hordaland



For meir informasjon:

Kontaktperson tettstad:

Kari Øvsthus

e-post: kari.ovsthus@post.hfk.no

telefon 55239294

Kontaktperson kommuneplan:

Kjetil Christensen

e-post: Kjetil.Christensen@post.hfk.no

telefon 55239289

Internettadresse med informasjon og søknadsskjema:

www.hordaland.no/kommunedora/tilskot

Send søknader til:

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Planseksjonen

Boks 7900
5020 Bergen